



*Det sosiale er ein viktig del av treninga. Difor har me alltid ein halvtime ekstra etter trening til ein kaffikopp eller ein prat.*

## Nettstader

**Kreftkoordinator** – [kvam.no/tenester/helse-og-omsorg/helse/kreftkoordinator/](https://kvam.no/tenester/helse-og-omsorg/helse/kreftkoordinator/)

**Kreftforeninga** – [kreftforeningen.no](https://kreftforeningen.no)

**Vardesenteret** – <https://kreftforeningen.no/vardesenteret/bergen/>

**Kreftsenter for opplæring og rahbilitering/Pusterommet** – <https://www.helse-bergen.no/avdelinger/kreftbehandling-og-medisinsk-fysikk/kreftsenter-for-opplering-og-rehabilitering>

### Utforming:

spl. Magnus Torvik

### Ansvarleg utgjevar:

kreftspl. Marit Lid Marøy



## Ramma av kreft?

Aktivitetstilbod for kreftamma i Kvam



Fysisk aktivitet er viktig for god helse, og kan spesielt vera til hjelp for deg som har vore i eller er i kreftbehandling.

Oppdatert januar 2024



## Kva?

**Trygg og tilrettelagt trening for å meistre kvardagen med og etter kreft.**

Regelmessig fysisk aktivitet ein viktig del av rehabiliteringa, og kan bidra til å redusere biverknader som fylgje av sjukdom og behandling.

Me legg stor vekt på sosialt samvær og prat så etter treninga er me att ein ekstra halvtime om du ynskjer ein kaffikopp eller ein prat.

## Kor?

Norheimsund fysioterapi treningssal  
Sandvenhagen 18A  
5600 Norheimsund

## Når?

Kvar onsdag kl. 11 til 12 (sosialt til 12.30)

## Påmelding

Det er løpande påmelding til aktivitetstilbodet, så ta gjerne kontakt med ein gong.

Ved påmelding vert det gjort avtale om individuelle samtalar før oppstart av gruppa for best mogleg tilrettelegging for kvar ein skilde deltakar. Du får ditt eige tilpassa treningsopplegg. Du kan vera både i behandling eller ferdig med behandling.

## Pris

Eigenandel ved trening i gruppe går under Helfotakst og er 105,- per gong.

## Ta kontakt og meld deg på til:

**Ann Katrin**

mobil: 911 73 578

**Marit**

mobil: 906 79 853



## Kven møter du?



**Marit Lid  
Marøy**

kreftkoordinator  
Kvam herad

Marit er utdanna sjukepleiar med vidareutdanning innan kreftsjukepleie. Ho jobbar ved Kvam rehabilitering og behandlingsavdeling, og som kreftkoordinator i Kvam herad.



**Ann Katrin  
Øktner**

fysioterapeut  
Norheimsund fysioterapi

Ann Katrin er utdanna fysioterapeut og er ein del av Norheimsund fysioterapi. Ho er spesialfysioterapeut i rehabilitering og helsefremmande arbeid med vidareutdanning i medisinsk treningsterapi.



**Maja Sundström  
Vevatne**

fysioterapeut  
Kvam herad

Maja er utdanna fysioterapeut og jobbar i Kvam herad, ved både Kvam rehabilitering og behandlingsavdeling og i utetenesta.